

Røldal 24.10.2024

Til NVE

Sak nummer 202320330

Til informasjon – om Røldal idrettslag

Røldal idrettslag har sendt eit innspel i saka om ny kraftutbygging i Røldal. Der uttalar laget at dei ser på fyllinga utmed Røldalsvatnet som «svært positivt», noko fleire av oss medlemmer tolkar i retning av at idrettslaget dermed også er *for* den nye utbygginga.

Som medlem i laget reagerer eg sterkt på dette, sidan ingen av medlemmene er spurde eller informerte om dette innspelet. Røldal bygdalag hadde nyleg ei avstemming om utbygginga der 105 stemte mot og 36 for planane. Dette talet speglar mest sannsynleg også medlemmene i laget, derfor er det svært problematisk at laget sender dette innspelet.

Styret i idrettslaget består av åtte personar der fire er tilsette i Hydro i dag, og der den eine er pensjonist og tidlegare tilsett i Hydro. I tillegg er Lyse sponsor for idrettslaget. Innspelet er underskrive av Eirik Kufås, som er leiar i laget og dessutan senioringeniør i Hydro.

Eg meiner det er urimeleg om NVE tek innspelet med i behandlinga, så lenge fleire i styret er inhabile som tilsette på utbyggarsida, og så lenge fleirtalet av medlemmene ikkje deler synet til styret i denne saka.

Eg har sendt to brev til laget og bede dei om å trekkja innspelet eller endra ordlyden, utan at dei har gjort noko med det. Derfor sender eg dette brevet til dykk i NVE.

Medlem av idrettslaget
Oddbjørn Lynghammar
5760 Røldal